

Oppdragsgjevar: Øygarden kommune
Oppdragsnamn: Detaljregulering ny sjukeheim Skipsdalen
Oppdragsnummer: 634126-14
Utarbeida av: Katrine Bjørset Falch
Oppdragsleiar: Katrine Bjørset Falch
Dato: 10.02.2026
Tilgjenge: Opent

Vurdering av KU- plikt

Detaljregulering av Straume sjukeheim

Versjonslogg:

01	10.02.26	Vurdering av KU - plikt	KBF	KIV
VER.	DATO	BESKRIVING	AV	KS

Innhold

Vurdering av KU- plikt	1
1. Innleiing	2
2. Vurdering etter §6	3
3. Vurdering etter §7	4
4. Vurdering etter §8	4
5. Vurdering etter §10	5
6. Oppsummering av KU-vurderingar	14

1. Innleiing

Dette notatet har som mål å vurdere om reguleringsplanarbeidet for «*Detaljregulering av Straume sjukeheim*» vil utløyse krav om konsekvensutgreiing etter «*Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven*» av 01.07.25.

Planen og tiltaket er vurdert opp mot Kapittel 2, §§ 6 – 8 og 10 i KU-forskrifta.

Hensikten med planarbeidet er å regulere ei tomt i Skipsdalen, gbnr. 35/171 for bruk til bygging av sjukeheim. Arealet ligg mellom Foldnes skule og «Helselandsbyen» på Straume. I vest er det utsyn mot sjø og i aust ligg Skiftedalsvatnet. Planområdet omfattar også eksisterande gravplass med kapell og kryss med fv 240 Foldnesvegen.



2. Vurdering etter §6

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding

Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

- a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1 og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak etter vedlegg I og II.
- b. reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.
- c. tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.

Planen er ikke kommuneplan, regional plan eller kommunedelplan. Det er dermed ikke relevant å vurdere planen opp mot § 6 a.

Derimot fell sjukeheim innfor offentlig tenestetilbod og må vurderast opp mot § 6 b Vedlegg 1, punkt 7e og punkt 24 i Konsekvensutredningsforskriften. Sjå vurdering under.

	Punkt	Planar og tiltak <i>Ansvarleg planmyndigheit og lovverk</i>	Vurdering
Vedlegg I	7	e) Andre vei- og jernbanetiltak med investeringskostnader på mer enn 750 millioner kr. (Mindre jernbaneanlegg omfattes av vedlegg II nr. 10c, mindre veier omfattes av vedlegg II nr 10e).	Ikkje aktuell Del av fylkesveg 240 Foldnesvegen skal inngå i reguleringsplanen, for å løse kryss med tilhørende siktsoner. Tiltaket vil ikke ha investeringskostnader på over 750 millionar, og vil derfor ikke utløse krav til KU ut frå kriterium i vedlegg I.
	24	Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennytige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m² (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 11j). <i>Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven</i>	Ikkje aktuell Tilbudsgrunnlaget seier at reguleringsplanen skal løse areal til ny sjukeheim med tilhørende anlegg. Føremålet fell inn under vedlegg I, pkt. 24, bygg for offentlig eller privat tenesteyting, men har bruksareal på under 15.000m ² , jf. Volumstudie utarbeida av Cowi, datert 22.08.2025. Med BRA under 15.000 m ² for tiltak i planen som kjem innunder Vedlegg 2, punkt 24, er det vurdert at føremåla i planen ikke utløser krav om konsekvensutgreiing.

Tiltaket fell ikkje inn under tiltak i vedlegg I som skal behandlast etter andre lover enn plan- og bygningslova. Det er dermed ikkje relevant å vurdera planen opp mot § 6 c.

3. Vurdering etter §7

§ 7. Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikke ha melding

Følgende tiltak og planer etter andre lover skal alltid konsekvensutredes, men ikke ha melding:

- a. tiltak i vedlegg II som behandles etter energi-, vannressurs- eller vassdragsreguleringsloven*
- b. planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement.*

Planarbeidet vert utarbeida etter plan- og bygningslova. Det er ikkje relevant å vurdera planen opp mot § 7.

4. Vurdering etter §8

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn.

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*
- b. tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven*

Det er relevant å vurdere planen opp mot § 8 a, jf. vedlegg II 10e og nr. 11 j):

Vedlegg II	Planar og tiltak		Vurdering
	Ansvarleg planmyndigheit		
	10e)	i) Bygging av veier ii) Bygging av havner og havneanlegg, herunder fiskehavner og offshorerelaterte havner iii) Utvidelse eller vesentlig endret bruk av eksisterende farleder	Ikkje aktuell Del av fylkesveg 240 Foldnesvegen og Skiftedalsvegen skal inngå i reguleringsplanen, for å løyse kryss med tilhøyrande siktsoner. Tiltaket kan få verknader for eksisterande vegar og det må byggjast tilkomstveg til sjukeheimen. Dette er ikkje vurdert å omfatte bygging av vegar i eit omfang som vil utløyse krav til KU ut frå vedlegg II nr. 10e).
	11 j)	Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål. <i>Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.</i>	Aktuelt <i>Planen kan løyse ut krav til KU dersom den er vurdert å få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det gjøres en vurdering etter § 10 i kapittel 5.</i>

5. Vurdering etter §10

I medhald av §8 skal det vurderast om planforslaget kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jf. kriterium i § 10. I denne vurderinga skal ein jf. § 10, 1. ledd, vurdere:

- eigenskapar ved planen eller tiltaket (andre ledd)
- planen eller tiltaket si lokalisering og påverknad på omgjevnadene (tredje ledd)
- eigenskapar ved verknader (fjerde ledd).

I rettleiaren «[Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes? Vurdering etter § 10 i forskrift om Konsekvensutredninger](#)» (Klima- og miljødepartementet / Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kommentarutgave 29.06.2017) er det lagt til grunn at det er relativt få planar og tiltak etter § 8 som vil falle inn under forskrifta si definisjon av vesentlege verknader. Forskrifta si § 10 er basert på anneks III i EIA-direktivet. På bakgrunn av lovreguleringa vi har i Noreg gjennom plan- og bygningslova, sektorlover og med naturmangfaldslova og med vassforskrifta, er det lagt til grunn at saker som ikkje blir omfatta av kravet til konsekvensutgreiing like fullt bli tilfredsstillande opplyst gjennom den ordinære sakshandsaminga (rettleiaren sitt kap.1.3).

Under er dei ulike kriteria i § 10 (a – d) som gjeld eigenskapar ved planen eller tiltaket, og § 10 (a – h) som gjeld lokalisering og påverknad på omgjevnadene gjennomgått:

<i>Eigenskaper ved planen eller tiltaket (andre ledd)</i>	
a) <i>Størrelse, planområde og utforming</i>	Aktuelt Det skal gjerast ei konkret vurdering av storleiken på planen/tiltaket, planområdet og utforming. I rettleiaren er det omtalt døme på kva som skal vere med i vurderinga knytt til dette punktet (kap. 3.1.1). Til dømes skal mellom anna volum, høgd, arrondering, rydding av skog, etablering av tilkomstveg vere ein del av vurderinga. Rettleiaren peiker på at visuell påverknad er særleg aktuelt å vurdere for planer og tiltak i nærleiken av verdifulle landskap, kulturmiljø eller viktige friluftslivsområde. I konsekvensutgreiing for KDP RV555 parsell Kolltveit-Bergen kommunegrense PlanID 20050021, er det ikkje kartlagt store verdiar / verdifulle område knytt til landskap og kulturmiljø. Unntaket er for tema nærmiljø/friluftsliv der det er kartlagt eit område rundt Skiftedalsvatnet med middels-høg verdi for friluftsliv (gammal metode SVV 140). Dette er også kartlagt som svært viktig friluftsområde, jf. Naturbase.no. I landskapsanalysen for Øygarden kommune (Asplan Viak 2024) inngår planområdet i delområde 26 som eit vanleg førekommande landskap med noko verdi. Det er tilrådd at ein i etablerte, utbygde område bør gjere meir detaljerte vurderingar av landskap som bl.a. omhandlar eksponering, nær- og fjernverknad av landskaps- og terrenginngrep. I KDP for Straume, retningslinje a, er det sagt at det bør ikkje byggjast på høgdedrag og andre eksponerte landskapsdrag. Delar av planområdet er ein noko eksponert kolle ved gravplassen, og dei lågare delane av planområdet inngår i 100-metersbeltet langs sjø. I konsekvensutgreiing for områderegulering Straume sentrum nord er det gjort utgreiingar for friluftsliv, by- og bygdeliv. Her er Foldnes skule registrert med middels verdi,

	lokal betydning. Foldnesvegen er registrert med stor verdi; «Viktig nord- sør ferdselslinje vest i plan-området som koplar Foldnes skule i nord vidare sørover med bustadområde, barnehagar, Straume helseklynge, næringsområde (politistasjon), rådhus og Straume sentrum». Vurdering av planområdet: • Tomta for Straume sjukeheim har ei eksponert plassering tett på 100 meters beltet ut mot sjø. • Planområdet er på om lag 50.000m², og tiltaket har eit bruksareal på ca. 11.500m², som er tett opp mot grensa på 15.000m², jf. Vedlegg I pkt. 24 • Føremålet sjukeheim er ein «stiv struktur» som krev mykje areal, og har funksjonar som må ligge i samanheng med kvarandre for å få ei fornuftig og funksjonell drift og organisering • Tomta ligg tett på Skiftedalsvatnet, som er registrert som eit viktig friluftsområde. • Tomta er sett av som offentleg/privat tenesteyting og friområde i gjeldande KPA (Fjell) 2015-2026. Mykje av planområdet er per i dag i ubygd grønstruktur. Det pågår arbeid med utarbeiding av ny arealdel til kommuneplanen. Konklusjon: Ut frå samla belastning er dette vurdert til å utløyse krav til konsekvensutgreiing etter §10 andre ledd, pkt. a. Naturlege KU- tema vil vera naturmangfald, landskap og friluftsliv.
b) Bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser	Ikkje aktuelt Her vert det vurdert om planen eller tiltaket forutsett bruk av naturressursar for gjennomføring eller drift, eller om naturressursar inngår i produksjonsprosess. Planen inneber ikkje bruk av naturressursar.
c) Avfallsproduksjon og utslipp	Ikkje aktuelt Det er ikkje forventet avfall eller utslepp som utgjør ein vesentleg problemstilling ved dette tiltaket.
d) Risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer	Ikkje aktuelt Rettleiaren påpeikar mellom anna at brann og eksplosjonsfare er særleg aktuelt å vurdere for planar og

	tiltak som omfattar lagring av brennbare gassar eller fossilt brensel, olje, petrokjemiske og kjemiske produkt. Det går også fram at vurderinga må baserast på om planen eller tiltaket kan føre til ulykker som har store konsekvensar for dei omkringliggande omgjevnadene. Planframlegget omfattar ikkje verksemd som lagrar ovannemnte brennbare stoff eller gassar, og føremålet sjukeheim er ikkje ein særleg risikoutsett verksemd. Risiko for alvorlege ulukker kan skje i anleggsperioden, og i driftsperioden, som t.d. trafikkulukker mellom gåande og syklande, sparkesyklar, eller mellom bil og gåande og syklande ved kryssing av veg. Særleg nærleiken til barneskule og skuleveg må vurderast i planframlegget, og tryggleiken for elevar må ivaretakast i anleggsperioden. Dette punktet er ikkje i seg sjølv tilstrekkeleg til at konsekvensutgreiing er aktuelt, men kan vere eit moment i ei samla vurdering”
--	--

Lokalisering og påvirkning på omgivelsene (tredje ledd)	
a) Verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven	Aktuelt. i. Verneområder etter naturmangfoldloven: Ikkje aktuelt. I Naturbase er det ingen område som er verna eller foreslått verna innafor planarbeidet. ii. Verneområder etter markaloven: Ikkje aktuelt. iii. Utvalt naturtype: Aktuelt. Basert på flyfoto og kjennskap til denne delen av Øygarden, så vert det vurdert som sannsynleg at den ubygde delen av planområdet er kystlynghei. Dette er ein utvald naturtype. Stadfesting av naturtypen, og tilstanden kan berre slåast fast ved synfaring. Feltsoning startar tidlegast i midten av mai. Med grunnlag i høgt sannsyn for utvald naturtype i planområdet vert det vurdert at det bør gjerast konsekvensutgreiing for tema naturmangfold. iv. Prioriterte artar: Ikkje aktuelt.

	Gjeld artar som er gjeve særleg sikring ved at dei har fått status som prioriterte artar gjennom eiga forskrift. Det er ikkje registrert prioriterte artar jf. Naturmangfoldsloven i området. Det er ikkje registrert slike i artsdatabanken eller naturbase. Det er difor vurdert til ikkje aktuelt. v. <i>Vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag</i> Ikkje aktuelt. vi. <i>Objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven:</i> Ikkje aktuelt. <i>Det er ingen freda kulturminne i eller nær planområdet. Næraste registrering i Askeladden.no er Foldnes kyrkje. Ein kan ikkje utelukke at Vestland fylkeskommune vil varsle behov for arkeologiske registreringar, og ved funn kan konsekvensutgreiing av tema kulturmiljø bli aktuelt. Dette er pr. nå ein usikkerheit.</i> <u>Konklusjon:</u> Samla er det vurdert at tiltaket utløyser krav til konsekvensutgreiing etter §10 <i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene</i> (tredje ledd), punkt a. Det er vurdert som aktuelt å konsekvensutgreie tema naturmangfold som følgje av at planområdet høgst sannsynleg truleg har kystlynghei, som er utvalt naturtype jf. naturmangfaldlova §3 pkt. 6. Pr. no ser ein ikkje behov for konsekvensutgreiing for kulturmiljø, men dette kan endre seg dersom det kjem fram ny kunnskap i området. Kjelder: Naturbase.no Økologiske grunnkart (artsdatabanken.no) Nasjonale laksefjorder Nasjonale laksefjorder Kart i Fiskeridirektoratet (arccgis.com) Askeladden 3.0 (ra.no)
b) <i>Truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor</i>	Aktuelt i. Trua artar eller naturtypar. Aktuelt Det er ikkje kjente trua artar eller naturtypar i området i offentlege register. Som nemnt i punkt a, underpunkt iii, så vert det vurdert som sannsynleg at den ubygde delen av planområdet er kystlynghei. Kystlynghei er klassifisert som kritisk trua naturtype , jf. Norsk rødliste for naturtyper 2025.

<i>betydning for samisk utmarksnæring og reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</i>	• I samband med konsekvensutgreiingar for KDP RV 555 parsell Kolltveit-Bergen kommunegrense PlanID 20050021, vart det ikkje kartlagt verdier i området. • I samband med områderegulering for Straume sentrum nord blei det registrert ask aust for kryss mellom Foldnesvegen og Skiftedalsvegen. Ask er i raudlista klassifisert som sterkt trua. Det er usikkert om asketrete vil liggje innanfor plangrensa. <i>ii. Verdifulle landskap. Ikkje aktuelt.</i> a. Rettleiaren viser til at punktet er aktuelt dersom ein plan eller eit tiltak heilt eller delvis er lokalisert innanfor verdsarvområde, heilskapleg kulturlandskap, utvalde kulturlandskap i jordbruket, kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, nasjonalt/regional sjeldne og representative landskap med særskilte kvalitetar, landskap med særskilt lokal verdi. Desse vil normalt utløyse konsekvensutgreiing. b. Det aktuelle området er ikkje omfatta av dei nemnde kategoriane, har ikkje omsynssone etter PBL, og er ikkje registrert/definert som lokalt viktig landskap. Det er difor vurdert som ikkje aktuelt. <i>iii. Verdifulle kulturminner/kulturmiljø. Ikkje aktuelt</i> a. Rettleiaren viser til at dersom ein plan eller eit tiltak heilt eller delvis er lokalisert innanfor område regulert til bevaring gjennom PBL, er omfatta av omsynssoner, arealformål eller føresegner for å ivareta verdier, eller er heilt eller delvis innanfor område omfatta av NB!-registeret mv., vil dette normalt utløyse konsekvens-utgreiing. Det aktuelle området er ikkje omfatta av dei nemnde kategoriane over. <i>iv. Nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar – Ikkje aktuelt.</i> Slike ressursar er ikkje kjent i offentlege register. <i>v. Område med stor betydning for samisk utmarksnæring og reindrift. Ikkje aktuelt</i> <i>vi. Område som er særleg viktige for friluftsliv. Aktuelt</i>
--	--

	a. Rettleiaren viser til at dersom ein plan eller eit tiltak er lokalisert innanfor område sikra til friluftslivsformål, område verdsett til viktig og svært viktig markaområde, og område som er vurdert viktige i plansamanheng, på tvers av overordna turruter, innanfor viktige område til sjøs, langs sjø og vassdrag eller større, mindre tilrettelagte turområde, vil dette normalt utløyse konsekvensutgreiing. b. Aust for planområdet ligg Skiftedalsvatnet. Dette er kartlagt som svært viktig friluftslivområde brukt til lek og rekreasjon. Friluftslivområdet ligg like utanfor planområdet. c. I strategidelen til arbeidet med ny kommuneplanens arealdel (<i>Høyringsutkast 12.11.25; Verdier vi skal bevare og utvikling for framtida</i>) er det vist blågrøne strukturar gjennom planområdet. Strategidelen legg og vekt på å ta vare på natur, landskap og viktige grønne område. Det er òg vist kopling til strandsona gjennom planområdet. <u>Konklusjon:</u> Samla er det vurdert at tiltaket utløyser krav til konsekvensutgreiing etter §10 <i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene</i> (tredje ledd), punkt b. Dette gjeld tema naturmangfald og friluftsliv/nærmiljø Kjelder: • Økologiske grunnkart (artsdatabanken.no) • Naturbase kart (miljodirektoratet.no) • Øygarden kart (kommunekart.com) • Mineralressurser (ngu.no) • Høyringsutkast 12.11.25; Verdier vi skal bevare og utvikling for framtida
c) Statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 eller rikspolitiske bestemmelser eller	Aktuelt i. <i>Statlege retningslinjer for samordnet bolig- areal- og transportplanlegging (2014): Ikkje aktuelt.</i> Tiltaket er foreslått etablert mellom etablerte utbyggingsområde, og i nærleiken av Straume sentrum, der det skal byggjast ny kollektivterminal. Tiltaket er vurdert å byggje opp om overordna planretningslinke. ii. <i>Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen: Aktuelt.</i>

rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985	Planområdet ligg langs sjø, delvis innanfor 100 meters beltet langs sjøen. iii. <i>Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen: Aktuelt.</i> Planframlegget legg ikkje til rette for anlegg eller areal for barn og unge, men tomte ligg tett på Foldnes skule. Det er usikkert i kva grad skulen nyttar planområdet i dag. Dette vil vera aktuelt å utgreie gjennom planframlegget. <u>Konklusjon:</u> Samla er det vurdert at tiltaket utløyser krav til konsekvensutgreiing etter §10 <i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene</i> (tredje ledd), punkt c grunna nærleik til strandsone og mogleg bruk av området av born og unge.
d) Større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftsområder eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet	Aktuelt Planområdet er ubyggt og er i dag ei grøn lunge mellom Foldnes skule og Helselandsbyen. Sjølve tomte er i overordna plan sett av til offentlege bygg. Planområdet er ikkje registrert som natur- eller friluftsområde, eller nytta til landbruk. Delar av planlagt byggeområde er sannsynlegvis utvalt naturtype kystlynghei. Det er difor vurdert at planarbeidet er aktuelt å vurdere opp mot omdisponering som skildra i punkt d).
e) Økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	Ikkje aktuelt
f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning	Ikkje aktuelt
g) Vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	Ikkje aktuelt Planen medfører ikkje tiltak som vil gi vesentleg auke i trafikk, utslepp frå fossile brensel, bruk av fluorholdige gassar i produkt dekker andre klimagassutslepp lista opp i rettleiar til §10. Det skal lagast klimagassreknaskap for byggefasen.

	Planområdet ligg tett på Foldnesvegen, som er støyutsett (jf.kart naturbase.no). Sjølv tiltaket vil ikkje ligge inntil vegen, og er ikkje råka av støysoner. Det er ikkje registrert fare for forureina grunn i offentlege kartfaser/ aktsemdskart. (jf. Miljødirektoratet – Grunnforurensning:https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/)
h) Risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom	Ikkje aktuelt Planar og tiltak vil normalt utløyse krav om konsekvensutgreiing dersom dei kan gi auka fare for alvorlege flaum- og/eller skredsituasjonar. Dette omfattar planar og tiltak som i seg sjølv medfører auka fare (sannsyn) for alvorlege flaum- og skredsituasjonar, og planar og tiltak som er foreslått lokaliserte i område der det frå før føreligg fare for flaum eller skred. Planen og tiltaket vil ikkje medføre auke i fare for alvorleg flaum- og/eller skredsituasjonar.

Egenskaper ved verknadene (fjerde ledd)

I vurderingen av om planen eller tiltaket kan få vesentlige virkninger og følgelig skal konsekvensutredes, skal det ses hen til virkningenes intensitet og kompleksitet, sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer, varighet, hyppighet og mulighet for å reversere eller begrense dem, om virkningene strekker seg over landegrensene, samt samlede virkninger av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak.

Det går frem av rettleiaren at når kriteriet normalt vil utløyse konsekvensutgreiing skal det gjerast ei konkret vurdering av grad av påverking. Det er lagt til grunn i rettleiaren at storleiken på tiltaket og om verknadene er irreversible eller ikkje er dei viktigaste elementa som inngår i vurderinga. I tillegg må det gjerast ei vurdering av om samla verknader, med andre tiltak i influensområdet, medfører at samla påverknad på dei aktuelle kriteria blir vesentlege. Dersom det er eit stort tiltak vil krav om konsekvensutgreiing bli utløyst, og då særleg i dei tilfelle inngrepet er irreversibelt. Dersom tiltaket er lite og påverknaden marginal, vil det normalt ikkje utløyse konsekvensutgreiing.

Aktuelt

Som nemnd og konkludert under andre ledd punkt a, og tredje ledd pkt. a - d, kan planen påverke kystlynghei som er utvald naturtype, landskap og område som er særleg viktige for friluftsliv. Dette vert vurdert å utløyse krav om KU.

6. Oppsummering av KU-vurderingar

Planframlegget kjem inn under §8a- reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II, planer som skal konsekvensutgreiast viss dei har vesentlege verknader etter §10, men ikkje ha planprogram eller melding.

Framlegget er vurdert som KU-pliktig som tiltak etter vedlegg II i forskrift om konsekvensutredning, pkt. 11 j) «*Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål*».

Grunnen til dette er at tiltaka ikkje er konsekvensutgreidde tidlegare. I tillegg er framlegget også vurdert som KU-pliktig etter § 10 i forskrift om konsekvensutredning, då planen kan påverke område som er særleg viktige for friluftsliv, nærmiljø (nærleiken til skule) og naturmangfald.

Med bakgrunn i vurderingane over, er det tilrådd at følgjande tema vert konsekvensutgreidd i detaljregulering for Straume sjukeheim:

- Friluftsliv, by- og bygdeliv (inkl. barn og unges oppvekstvilkår, kriminalitsforebygging, tilgjengelighet for alle (metodikk M-1941/V712)
- Naturmangfald, jf. Naturmangfaldlova (metodikk M-1941)
- Landskap (metodikk M-1941)

Viktige tema elles i planen, som del av planskildring eller og/ eller eigne fagnotat:

- Transportbehov og mobilitet, energiforbruk og energiløysingar
- Klimagassnotat
- Arkitektur
- Kulturmiljø
- Områdestabilitet
- Massehandtering